

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 033	15/482

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015
054/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Teknisk utval - evaluering

Vedlegg:

KS sak 076 12 Ny

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret oppretta teknisk utval i møte den 13.09.2012, sak 076/12, sjå vedlegg.
I kommunestyret vart då følgjande vedtak gjort:

Kulepunkt 1:

- Masfjorden kommunestyre opprettar Utval for Teknisk, Miljø, Landbruk og Utvikling. (TMLU eller Teknisk utval). Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbruksaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som hører inn under tema vilt og fisk og delegerte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.

**Øvrige plansaker hører inn under formannskapet sitt virkeområde.
Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.**

Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet.

Formannskapet og kommunestyret kan tildela saker til utvalet.

Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer

med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemer til utvalet.

Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.

Kulepunkt 2:

- **Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:**
 - Å arbeida for betre likebehandling
 - Klarare retningslinjer og raskare avgjerder
 - Fokusering på brukarane av tenestene
 - Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde

Dette utvalet vart i kommunestyret den 30.10.2012 sett med 5 medlemmer valt av kommunestyret med følgjande medlemmer og varamedlemmer :

TEKNISK UTVAL:

Parti	Medlemmer	Parti	Varamedlemmer i rekkefylgje:
H	John T. Torsvik, leiar	V	Tove Kristin Sleire Tistel
KrF	Lillian Andvik	H	Wenke Ekren
Frp	Willy Borge	Ap	Britt Inger M. Hope
Ap	Ragnvald Tangedal, nestleiar	Frp	Ørjan Daae
Sp	Geir Egil Haugsvær	H	Kjetil Fjellby

Leiar: John Torsvik

Nestleiar: Ragnvald Tangedal

Målsettinga med utvalet vart definert slik:

«Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klarare retningslinjer, bevisstgjering, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har. Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturlig prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta»

Heimelen for kommunestyret til å opprette faste utval og komitear finn ein i Kommunelova § 10. *Faste utvalg. Komiteer.* Her går det fram at kommunestyret står fritt til å opprette og nedlegge komitear etter eige skjønn. Dette er også innarbeidd i reglement for Masfjorden kommunestyre.

Vurdering:

Denne saka handlar om Teknisk utval skulle vore evaluert etter eit år og ved utgangen av

valperioden. Det siste er no aktuelt, og difor vert saka no lagt fram for vidare handsaming.

Teknisk utval vart vedteke oppretta av kommunestyret etter ein politisk prosess. Styringsreglementet i ein kommune er ei politisk oppgåve å definere. Rådmannen ønskjer difor ikkje å leggja føringar for korleis evalueringa av teknisk utval skal skje, eller kven som bør gjera dette arbeidet. Rådmannen meiner likevel at det kan vera viktig at administrasjonen vert rådført, før endeleg vedtak vert fatta, då for å sikre at saka er skikkeleg opplyst.

Ei evaluering kan medføra fleire ulike vegval, som til dømes:

1. Vidareføring av eit teknisk utval med noverande mandat og struktur
2. Vidareføring av eit teknisk utval med endra mandat og struktur
3. Nedlegging av teknisk utval, der oppgåvene går over til formannskapet.

For å koma i gang med evalueringa meiner rådmannen at det må veljast ei mindre gruppe med representantar frå kommunestyret med fullmakt til å gjera ei evaluering innan 25.august. Då kan arbeidet leggjast fram for det siste kommunestyremøtet i denne perioden, og det noverande kommunestyret får då høve til å vedta ny eller å endra styringsreglementet før konstitueringa skal byrja å skje.

Saka vert med dette lagt fram til drøfting i formannskapet.

Formannskapet - 074/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet la fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert sett ned ei evaluatingsgruppe bestående av Øystein Strand, Bjørn Egil Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vert samrådstes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Det vert sett ned ei evaluatingsgruppe bestående av Øystein Strand, Bjørn Egil

Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august.

Kommunestyret - 054/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret la fram framlegg til endring av vedtaket til formannskapet:

Øystein Strand går ut og Frode Langhelle kjem inn i evaluereingsgruppa. Vigdis Søvik er leiar av gruppa.

Røysting:

Framlegg til formannskapet med endring frå kommunestyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Det vert sett ned ei evalueringsgruppe beståande av Frode Langhelle, Bjørn Egil Nordland og Vigdis Søvik som legg fram evaluering av utvalet innan 25. august. Vigdis Søvik er leiar av gruppa.